



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 05.09.2016

Til stades: Adle Helen Tveiten Øya, Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref).

Fotballgruppa v. Anne Brennemo, håndballgruppa v. Ingvild Øverland, Skigruppa v. Gunnhild Tveiten, ski og anlegg v. Geir Særslund, sykkelgruppa v. Henk Steel.

Fråfall: A-laget, ridegruppa og friidrettsgruppa

Sak 46/16 Gjennomgang av referat frå styremøte 20.07.16 og 08.0/.16.

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 47/16 Søknad om støtte til utgifter i forbindelse med finale i Norgesserien for lag.

Utsatt pga manglande oppmøte ridegruppa.

Sak 48/16 Status mannskapslistene Dyrskun per 03.09.16

Stort sett i rute, men har ein del ledige vakter på fredag pga at Kvitsund ikkje kunne ta så mange som forventet, denne dagen. Blir einige om at ein skal kontakte 14-15 åringane, som er satt opp lørdag og søndag og høre om dei er interessert i å jobbe fredag også. Har vore nokre som har yttra at dei kunne tenkt seg dette.

Har også vore nokre avbud, den siste tida, frå personar som ikkje lenger er medlemmar, viktig at undergruppene ajourfører listene sine kontinuerleg så ein slepp dette.

Sak 49/16 Bruk av Eventyrøy

Seljord vidaregåande har kome med ein forespørsel om bruk av grassletta på Eventyrøy, ein ser på saken og vil forsøke å få til ei avtale.

Seljord skule har også vore ein brukar av anlegget på Eventyrøy, utan at det har vore noko system på denne bruken. Ein vil derfor ta kontakt med kommunen for å få til ei avtale på dette også.

Det er bestemt at fotballbanen ikkje kjem til å bli brøyta på vinterstid, dette fordi korken som ligg på underlaget gradvis vil bli brøyta vekk, noko som vil føre til meirutgifter i forhold til at ein må fylle på kork.

Sak 50/16 Treningstider Granvin

Fotballen trenar på Eventyrøy fram til snoen kjem, så det er god kapasitet for dei andre gruppene på Granvin fram til då. Sidan handballen jobbar aktivt med å rekruttere nye medlemmar, har dei fått fleire treningstimar i hallen i år.

Tidene revurderast når snoen kjem, sidan fotballen også treng hallen då, men ein vil forsøke å vidareføre treningstidspunkta som dei enkelte gruppene har hatt ilt hausten.

Sak 51/16 Status årshjul

Medlemskontingent SIL : sendast ut i morgo.

Søknad Sparebankstiftelsen DNB : søknad er sendt.

Søknad til Gjensidigestiftelsen : under arbeid.



Sak 52/16 Rapport frå undergruppene med gjennomgang av handlingsplan og økonomistatus.

Hovudstyret:

Fotballhall på Dyrskuplassen: Tellef jobbar med saken. Ventar på eit anbud frå Gunleik Mæland på eit stålkonstruksjonsbygg med veggjar av tømmer. Med eit slikt bygg kan ein søke diverse stiftelsar om tilskudd, sidan det er i same stil som resten av bygga på plassen.

Elles kom Geir Særslund med eit forslag om å ta kontakt med eit firma som stiller ut hallar på Dyrskun. Han vil sjekke med dei ang mogelegheiten for å få kjøpe hallen dei skal stille ut på Dyrsku'n 2017. Mogeleg ein kan få denne til ein gunstig pris, om ein kjøper den som den står og tek arbeidet med å demontere den sjølve.

Barneidrettsskulen: Har fått støtte frå Norsk idrettsforbund.

Ungdomsidrettsskulen: Har også fått støtte frå Norsk idrettsforbund. 2 elevar frå HiT, Bø er trenarar.

Fotballgruppa:

Klubbhus Eventyrøy: er forhåndsgodkjent i kommunen.

Styret vedtek at ein skal søke kommunen om støtte til dette prosjektet og til garasjen på Raudkleiv. Dette for å redusere lånet og avdraga. Ein søker om kr 1.550.000,-.

Budsjett og rekneskap: ok. Dei fleste på A-laget har betalt kontingent, manglar nokre.

Manglande betaling frå deltakarane på Norway Cup, Anne etterlyser det.

Elles skal fotballgruppa selje fotballodd på campingplassane under Dyrsku'n. God erfaring med dette frå i fjor.

Håndallgruppa:

Jobbar sterkt med rekruttering. Hatt helgesamling, med besøk frå Region-Sør, som også hadde ein dag på skulen. Ila helga var det ca 40 deltakarar, mange nye og ein god del gutar.

Det er planer om ei ny håndballhelg i oktober saman med Region-Sør. Dei forsøker å få til ei turnering denne søndagen og vil i så fall invitere Notodden, Skade og Skarphedin.

22.09.16 reiser dei på treningsleir i Danmark (J12 og J14).

Eit lag er meldt på i serien (J12).

J10 vil satse på aktivitetsturneringar, mogeleg dei melder på lag til aktivitetsserie etter nyttår.

Budsjett og rekneskap: ok.

Informasjonstavle: I staden for å henge opp ei ny tavle blir styret einige om at TV-skjermen som heng i vestibulen på Granvin skal brukast til dette formålet.

Sykkelgruppa:

Henk Steel blei valgt inn som ny leiar.

Nokre av medlemmene i sykkelgruppa har betalt kontingent, desse pengane blir refundert, då det tidlegare er blitt vedtatt at sykkelgruppa ikkje skal betale kontingent for 2016.

Elles blei det diskutert litt rundt treningstøy, NSF har ein del reglar rundt dette, så Henk undersøker nærmare.

Skigruppa:

Mykje aktivitet. Har hatt treningsamling med trenarar frå Team Telemark, Audun Svartdal og Magnus Krogh. Totalt deltok 65 ungar på denne samlinga. Dei var både på Dyrskuplassen og i Raudkleiv, der dei hadde barmarkstrening. God markedsføring for Raukleiv som heilårsanlegg! Veldig positivt med klubbhus som har plass til mange, fekk god bruk for dette under helga då



det kom regn. 65 ungar, pluss vaksne åt lunsj inne i klubbhuset. Minus er at ein ikkje kan drikke vatnet der oppe, Gunhild og Geir skal sjekke mogelegheitane for å få gjort noko med dette. Ein opplevde det også veldig positivt å bruke Dyrskuplassen under denne treningssamlinga, ein ypperleg plass til slike arrangement. Einaste bakdelen var at dei ikkje fekk bruke kjøkkenet og måtte stå ute med matlaginga, noko som blei tungvindt. Styret ønsker å få til ei avtale med Dyrsku`n om bruk av bl.a kjøkken og toalettanlegg ved idrettssamlingar og arrangement. Tellef tek seg av dette.

Elles har skigruppa eit ønske om å asfaltere rulleskibane på Raudkleiv. Før ein kan gå vidare med dette må grunneigarane kontaktast.

Når det gjeld å få elevar frå HiT, Bø som instruktørar har dette vist seg å vere vanskeleg. Dei som er aktuelle er allereie opptatt med Bø idrettslag. Men skigruppa har kontakt med Audun Svartdal og Team Telemark så vil få til noko med dei. Ein ønsker å få inn ein ekstern instruktør ein gong i mnd.

Sak 53/16 Ymse

Når det gjeld drifting av kiosken på Eventyrøy, så har ein mogelegheit til å få bestille brus, pølser og ana utstyr til arrangement av Ole Tufte. Dette til ein betre pris enn det ein får på matvarebutikkane.

SIL har 2 gamle håndballmål som står på Eventyrøy, desse er ikkje lenger sikre å bruke, styret vedtek derfor at desse skal destruerast. Randi tar ansvar for dette.